



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 15.11.2016
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 13:15 – 16:45

Møtte: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Morten Midlang, John Opdal, Arnstein Menes, Sigbjørn Hauge.

Forfall: Marthe Hammer, Arne Bergsvåg

Sekretariatet: Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 34/16 Meldingar

- Brev om utmelding frå Næringsforeningen i Stavangerregionen

Vedtak:

Styret v/ Bjørn Laugaland tar kontakt med Adm. dir. Harald Minge og prøver å få omgjort denne avgjerda.

Sak 35/16 Rekneskap pr. august 2016

Styret drøfta ulike tiltak for å skapa balanse i rekneskap. Resultat 2016 vil verta eit underskot, men det må drøftast tiltak for å auka inntekter i 2017-2018.

Orienteringar:

Økonomi Reiselivskonferansen
Økonomi styretur
Prognose 2016

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sak 36/16 Strategi i arbeidet med å integrera Stavanger kommune som nytt medlem i Fjordvegen Rute 13

Hanne Sundbø orienterte om saka.

Vedtak:

Fjordvegen Rute 13 bed om å få koma med presentasjon i Kommunalutvalet i Stavanger kommune. Administrasjonen (Hanne) kontaktar Stavanger kommune med mål om å få istand eit møte i januar/februar 2017.

Mål med møtet: Oppretta konstruktiv dialog mellom Fjordvegen og Stavanger kommune.

Tema:

- Ryfast som innfallspott for reiselivet inn i Fjordvegenregionen.
- Sola som innfallspott for turisme til Fjordlandet.
- NTP 2018 – 2029

Hanne arbeider vidare med fleire tema.

Følgjande møter: Styret vert representert frå alle 3 fylker (om mogeleg).

Sak 37/16 Styretur 2016 Oppsummering – Plan for oppfølging av saker/tema.

Referat frå turen er utsendt.

Korrigering: Feil i prioritering frå Suldal Næringsforening:
Rødsliane skal vera pri 1 og Brattlandsdalen pri 2.

Vidare oppfølging: Viktig å følgja opp dei aktørar som møtte oss på møta undervegs. Ein del av innspela kan nyttast i planlegginga av Årskonferansen 2017.

Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Sak 38/16 Støtteuttale til Sandnes kommune ifm ferjekaiar Lauvvik og Oanes

Styret drøfta den administrative innstillinga frå Sandnes kommune. Denne går lengre enn det styret finn det naturleg for Fjordvegen å støtta.

Vedtak:

Administrasjonen utarbeider utkast til uttale. Denne vert sendt til samtlege styremedlemmer for kommentar før den vert oversendt til Rogaland fylkeskommune.

Sak 39/16 Årskonferansen 2017 28. mars på Sola – Planlegging

Hanne orienterte om førebuingar og avtalar ift. deltaking frå statsråden.

Deltaking frå Stortingspolitikarar:

Pollestad Sp Rogaland OK

Breivik V Jostein spør.

Astrup H Hanne spør.

Hareide Krf Hanne spør.

Trellevik H Jostein spør.

Lødemel H Hanne spør.

Vedtak:

Statusorientering vert teken til vitande.

Styret gjer vedtak om at det skal krevjast deltakaravgift for Årskonferansen 2017.

Styret valde Scandic Stavanger Forum Hotel som konferansehotel for Årskonferansen 2017.

Sak 40/16 Prosjekt Reiseliv – Kollektivtrafikk: Saumlause reiser Rogaland/Hordaland/Sogn og Fjordane

Vedtak:

Styret gjev administrasjonen i oppdrag å utarbeida prosjektplan m/finansiering for prosjektet «Reis kollektivt med dei lokale». Prosjektet skal ta utgangspunkt i Fjordvegregionen.

**Sak 41/16 Påverknadsarbeid:
Revisjon av Fjordveg-foldaren**

Hanne orienterte om Fjordvegfoldaren og prosess ift revidering av denne.

Revidert foldar bør innehalda ei reiselivsvinkling i slagord og omtale.

Fylkesordførarane bør profilerast med sine syn på Fjordvegen.

NTP 2018 – 2029

Styret drøfta strategi for moglege påverknad av regjeringa før NTP vert framlagt for Stortinget.

Vedtak:

Administrasjonen arbeider vidare med utarbeiding av oppdatert Fjordvegfoldar.

Administrasjonen kontaktar Stortingsbenkene for Rogaland, Hordland og Sogn og Fjordane for avtale om fellesmøte med desse Stortingsbenkene. Styret tilpassar seg det tidspunkt som passar for Stortingsrepresentantane.

Sak 42/16 Prosjekt Bratlandsdalen – Uttale til sluttrapport frå Asplan Viak

Vedtak:

Styret gjev styreleiar og dagleg leiar i oppdrag å utforma uttale i samsvar med tilrådingar som kom fram i møtet på Nesflaten den 26. oktober.

Sak 43/16 Møteplan styremøter 2017

17. januar endra 25. januar

27. mars

9. mai

Nytt styre fastset møteplan for hausten 2017. Dette vert gjort i styremøtet 9. mai.

Sak 44/16 Fast post: Nytt for Rute 13.

Rogaland:

- Samf.dep går inn for kort Årdalstunnel. Dagleg leiar etterspør svar på henv. frå Hjelmeland kommune.
- Nytt lys i tunnelar langs Jøsenfjorden.

Hordaland:

- Maling av tunnelveggar i Tyssedaltunnelen er gjort. (Trafikksikringstiltak).
- Arbeid med å få Oddadalen inn på NTP.
- Avklaring av metode for utbetring av utgliding av massar langs Granvinsvatnet.

Sogn og Fjordane:

- 60 mill til oppstart tunnel mellom Vik og Vangsnes.
- Mogeleg elektrifisering av ferjesambandet Vangsnes – Hella.
- Gaularfjellet er no vinterstengt. Opning 2017 kan verta etter 1. mai pga

Sak 45/16 Ymse

- Hanne orienterte om Logistikkonferansen.
- Bussrute over Vikafjellet på vintertid er nedlagt for første gong sidan 1957. Kva strategi skal Fjordvegen ha ift. denne saka ? Evt. kobling av dette busstilbodet med ny rute mellom Vik og Myrkdalen.

Vedtak:

Styret gjev dagleg leiar og styreleiar fullmakt til å utforma uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Uttalen vert sendt til Arnstein Menes og Morten Midlang for kommentar.

Jostein Eitrheim
sekretær